

Trivel i sentrum

Vatne Tennfjord
6265 Vatne

Bankgiro 3901.10.50917

6265 Vatne

19.08.15

Haram kommune

6270 Brattvåg

Epost: postmottak@hram.kommune.no

Innspel til oppstart av arealplan

Vi viser til utlysing av «Oppstart av arealplan og offentleg ettersyn av forslag til planprogram» på kommunas sine heimesider, og i Norde den 12.6.15.

Trivel i Sentrum er ein paraplyorganisasjon for dei lag og foreiningar som driv med aktivitetar innanfor det utvida kulturomgrepet i Vatne-Tennfjord området.

Haram kommune og spesielt Vatne-Tennfjord området er sentralt plassert geografisk i den utviklinga som kan ventast rundt Ålesund, og gjennom ein styrka region når Møreaksken vert realisert.

Det er derfor svært viktig at det i arealplanen vert teke høgde for ei disponering av arealet i vårt område, som tek innover seg ei auke i mellom anna folketal og trafikk. Det har vore ei auke i folketalet i området dei siste åra, slik som det går fram av forarbeidet til arealplan arbeidet, og det er god grunn til å tru at dette vil halde fram i lang tid framover.

Ei auke i folketalet gjer at det vil verte nye positive utfordringar for kulturlivet i dette området. Det vil både vere trond for utvida areal til eksisterande aktivitet og til nye aktivitetar. Kulturlivet er ein viktig faktor for at bummiljøet skal vere godt og velfungerande.

Ein høyringsperiode midt på sommaren gir ikkje lag og organisasjonar store høvet til å kome med innspel. Vi vil derfor oppmode om at organisasjonslivet vert teke med på råd i planarbeidet. Lag og foreiningar vil vere dei viktigaste aktørane på kulturfronten også i dei komande åra.

Vi vil derfor be om at det vert halde eit informasjons- og idemyldringsmøte mellom Haram kommune og lag og foreiningar i vårt område. Vi vil gjerne ta del i å organisere og gjennomføre dette møtet, og ser føre oss at september/oktober vil vere ein god periode å gjennomføre dette. Vi må be om at møtet vert fastsett med minst 1 månads varsel, slik at dei ulike lag og organisasjonar kan førebu seg på møtet med sine aktive.

Det er vår mening at det er viktig å bruke tid og energi på eit så viktig tema som dette, og at det må vere målet at flest mogeleg vert hørt med sine tankar og idear.

Vi ser fram til ei positiv tilbakemelding på dette initiativet.

Skulle Haram kommune likevel kome fram til at det ikkje skal haldast eit slikt møte i vårt område, ber vi om tilbakemelding på det så snart som mulig. Vi vil i såfall arbeide på andre måtar med å få fram interessene til lag og organisasjonar i Vatne/Tennfjord. Dette vil naturleg nok ta litt tid, og vi må be om at vi i såfall får frist med å kome med våre innspel til ein månad etter at vi har fått melding om at det ikkje vert halde møte.

Med vennlig hilsen

Trivel i Sentrum SA

Per O. Hofseth
leder